

---

Vår referanse 2021/56340-2  
Dato 09.12.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå kommuneplan - gnr 116 bnr 7 - tilbygg mm. - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Det omsøkte tiltaket gjeld eit større tilbygg til eksisterande lemstove frå 1915. Lemstova er ikkje nærmare tidfesta i sefrak-registeret, men vi finn opplysningar om bygget i oversiktsverket Norske gardsbruk, som omhandlar Midt- og Nordhordland, jamfør figur nedanfor. Bygget ligg svært synleg til, ovanfor hovudvegen som går mellom våningshuset og løa som høyrer til bruket. Lemstova er klassisk i si form, og med unntak av vindfanget på baksida framstår bygget som svært autentisk.



Vestland fylkeskommune vurderer lemstova til å ha høg lokal verneverdi, og ber om at kulturavdelinga i Alver kommune samt kulturverntenesta i Nordhordland blir kopla på i saken. Ein bør ta ein vidare dialog omkring utforminga av tilbygget. Vi vil påpeike at vi utgangspunktet er positive til eit tilbygg, og ser at det er gjort eit godt stykke arkitektfagleg arbeid her. Men vi synest at overgangen frå eksisterande til nytt bygg framtrer noko bastant og burde nedskalerast noko, samt at det nye bygningsvolumet kanskje kunne blitt plassert på ein annan måte. Vestland fylkeskommune kan eventuelt også vere med i ein nærmare dialog omkring plassering, volum og utforming.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Berit Vik  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

